

Til historielag i Gudbrandsdalen, Brøttum Historielag, og andre

## Er mange fleire enn kjent av skogfinsk ætt?

### Fortel **Sve-namn** at det har vore svedjebruk?

Det er mange Sve-namn på bruk og plassar, både i Gudbrandsdalen og i Mjøsbygdene. Fortel desse namna at det har vore svedjebruk der ein gong? – Tidl. leiar i Lom heimbygdslag Gaute E. Helland meiner vi samstundes bør sjå på **Brenn**-namn. Laurdag 5. oktober vil vi prøve å finne ut meir om dette.

**Skogfinnar** er ei etnisk gruppe som stammar frå Savolax og Tavastland (indre Midt-Finland). Dei som slo seg ned i skogområda i Sverige og Norge, særleg området som ble kjent som Finnskogen på begge sidene av den svensk-norske grensa. Men dei spreidde seg utover mykje av Østlandet (jf. Finnemarka i Buskerud). Finnsveen/Finnsvea er to plassar i Fåberg.

Stordelen av denne finske utvandringa skjedde i perioden **ca. 1575–1660**. Det var både personlege, økonomiske, politiske og samfunnsmessige årsaker til at dei reiste.

Ei årsak var den arealkrevjande landbruksforma med svijordbruket (*svedjebruk*). Ei **svedje** i gammal granskog er felling av skogen, som ligg og tørkar minst eit år, før ein brenner alt ned til oske. I oska sådde ein den toårige svedjerugen. Skogfinnane sitt svedjebruk vart drive til inn på 1800-tallet, parallelt med at ein også dreiv åkerbruk på innmarka.

Skogfinnane lærte seg svensk eller norsk og vart tospråklege, På Finnskogen der dei var mange og ingen andre budde, varte den kulturelle særart og det finske språket lenge. Der dei var færre og levde nær svenskar og nordmenn, kunne finnekulturen forsvinne etter 1-2 generasjonar.

**Blandingsekteskap vart tidleg vanleg.**

Ved slutten av 1700-tallet hadde skogfinnane i stor grad blitt assimilert inn i den svenske eller norske kulturen, ein prosess som var så godt som fullstendig fullført ved starten av 1900-tallet. Mange skogfinnar utvandra til Amerika.

## MØTE

Etter initiativ frå Birger Nesholen, fagleg rådgivar ved *Norsk skogfinsk museum*, vil *Gausdal Historielag*, *Gudbrandsdal slektshistorielag* og *Slekt og Data Oppland* arrangere eit møte

**laurdag 5. oktober 2024 kl. 12 på Østre Gausdal prestegard.**

Før møtet: Kaffe og snitter eller rundstykke kl. 1130 – 1200.

### Program:

- Velkomst ved Gausdal Historielag, Gudbrandsdal Slegtshistorielag og Slekt og Data Oppland (5 min.) .
- Om skogfinnane og innvandringa til Norge og Gudbrandsdalen ved Birger Nesholen, Norsk skogfinsk museum (45 min.)
- Finnemantalet frå 1686.
- **Innlegg om Sve- og Brenn-namn frå lokalkjente frå bygdene i Gudbrandsdalen og Brøttum** (¾ – 1 ½ time). Dei som vil vise noko på skjerm: ta gjerne med minnepinne.
- Fritt ordskifte
- Oppsummering ved Birger Nesholen. Arbeid vidare?

Gausdal Historielag vil orientere om **Østre Gausdal prestegard** (det største våningshuset på nokon prestegard i Norge). (ca. 20 min.)

Møteslutt er usikkert, truleg ein gong mellom kl. 15 og kl. 17.

## Mat og kostnad

Kaffe og snitter eller rundstykke kl. 1130 – 1200 (før møtestart).

Matpause ca. kl. 1330 med varmrrett.

Gausdal historielag og Slekt og Data Oppland betaler for lokalet og mat og drikke.

Lokalt historielag eller den enkelte må dekke egne reisekostnader.

## Påmelding

Møtet er ope for alle.

På grunn av maten må vi vite kor mange som kjem, og har derfor påmelding.

Påmelding seinast måndag 30. september 2024 på e-post til

Ivar Lauritsen <[iva-lau@online.no](mailto:iva-lau@online.no)> eller Jostein Valved <[jvalved@online.no](mailto:jvalved@online.no)>.

Vel møtt!

Gausdal, Vågå og Lillehammer 5. september 2024

Beste helsing

*Gausdal Historielag*

*Gudbrandsdal Slektshistorielag*

*Slekt og Data Oppland*

*Ivar Lauritsen*

*Jakup Skjedsvoll*

*Jostein Valved*

---

**Østre Gausdal prestegard**, Voldsbruvegen 6 A, 2651 Østre Gausdal

### **For dei som kjem nordfrå:**

Fv. 254 frå Tretten over Tretten bru og 14 km opp Musdalen og forbi Svingvoll ned i Østre Gausdal. Sving til høgre ved skilt med kyrkjesymbol + "**Ø. Gausdal**" og du er framme.

(Sving venstre etter få meter på Voldsbruvegen inn på P-plassen.)

### **For de som kommer sørfrå:**

Fv. 255 fra Lillehammer til Segalstad bru. Kjør ikke over brua, men rett fram fv. 254 vel 5 km oppover Østre Gausdal.

Sving til venstre ved skilt med kirkesymbol + "**Ø. Gausdal**" og du er framme.

(Sving venstre etter få meter på Voldsbruvegen inn på P-plassen.)